



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 20 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Samferdselsdepartementet

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i løyvingar for programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Posttenester. Det blir òg foreslått sju nye eller endra fullmakter under administrasjon, vegformål og jernbaneformål. Vidare blir det orientert om kostnadsoverskridingar for to riksvegprosjekt.

2 Administrasjon m.m.

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 188,9 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med i alt 4,2 mill. kr.

Med verknad frå 1. juli 2024 tok Samferdselsdepartementet over forvaltninga av statens eigarskap for Flytoget AS frå Nærings- og fiskeridepartementet. Det blir derfor foreslått å rammeoverføre 0,4 mill. kr frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Vidare foreslår Samferdselsdepartementet å auke løyvinga med 3,8 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege

tariffområdet. Samla handtering av lønnsoppgjeret i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

I 2024 er det løyvd 37,0 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 4,6 mill. kr.

Kontingent til dei internasjonale organisasjonane som departementet er medlem i, blir betalt i amerikanske og kanadiske dollar, euro og sveitsiske franc. Krona har det siste året svekt seg betydeleg mot desse valutaene. Vidare har kontingenten til EASA (det europeiske luftfartsbyrået) og til ERA (det europeiske jernbanebyrået) auka.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 70 Pilotprosjekt for utsleppsfrie anleggsplassar – tilføyning av stikkord

I 2024 er det løyvd 30,0 mill. kr på posten. Departementet ventar at tilskota til nokre av pilotprosjekta som har fått tilsegn i 2023 og 2024, først vil bli betalt i starten av 2025. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å føye til stikkordet «*kan overførast*» på posten, jf. forslag til romartalsvedtak.

3 Luftfartsformål

Kap. 1310 Flytransport

Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter

I 2024 er det løyvd 2 036,0 mill. kr på posten. Vidare blei det overført 56,8 mill. kr frå 2023 slik at disponibel løyving i 2024 er 2 092,8 mill. kr. Prognosen for vederlag og reforhandlingskrav til flyselskapa er 2 058,1 mill. kr, men det er noko uvisse for nye reforhandlingskrav. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 29,3 mill. kr.

Kap. 1313 Luftfartstilsynet

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 305,5 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 5,7 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet. Samla handtering av lønnsoppgjere i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Kap. 1314 Statens havarikommisjon

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 102,0 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1,7 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet. Samla handtering av lønnsoppgjere i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Kap. 1315 Tilskot til Avinor AS

Post 71 Tilskot til pålagde oppgåver

I 2024 er det løyvd 2 575,3 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 208,4 mill. kr.

For Flytting av Bodø lufthamn er budsjettbehovet lågare enn det som låg til grunn for løyvinga. Delar av utgiftene som var venta i 2024, blir først betalt i 2025. Samtidig har utgiftene for miljøoppdydding auka noko.

For Ny lufthamn ved Mo i Rana har framdrifta i anleggsarbeida blitt redusert frå det som låg til grunn for løyvinga. Vidare har prisauken blitt lågare enn rekna med.

Kap. 4313 Luftfartstilsynet

Post 01 Gebyrinntekter

I 2024 er det løyvd 175,0 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 24,5 mill. kr.

Inntektene frå fleire gebyrområde blir lågare enn budsjettet. Det gjeld inntekter frå registrering av nye luftfartøy og eigarskifte i Norsk luftfartøyregister, færre søknader om innleige av luftfartøy og færre luftfartøy i kommersiell luftfart. Innan området *operative godkjenningar* er det færre aktørar som har sertifikat for luftfartsoperatørar (AOC), noko som gir lågare gebyrinntekter. For området *ubemannanna luftfart* har talet på nye registrerte i nettportalen *flydrone.no* blitt lågare enn rekna med.

4 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 4 616,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med i alt 37,4 mill. kr. Endringa gjeld ein reduksjon på 15 mill. kr som følgje av at nokre mindre digitaliserings- og utviklingstiltak er forseinka og ein auke på 52,4 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet. Samla handtering av lønnsoppgjere i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn

I 2024 er det løyvd 2 349,6 mill. kr på posten. Nokre mindre digitaliserings- og utviklingsprosjekt innanfor trafikant- og køyretøyområdet er forseinka, og Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 15 mill. kr.

Post 30 Riksveginvesteringar

I 2024 er det løyvd 10 349,7 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20,4 mill. kr, mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 1332 Transport i byområde mv., post 66 Tilskot til byområde.

Midlane dekkjer utgiftene til to mindre gang-, sykkel- og kollektivtiltak på riksveg i Ålesund og Buskerudbyen.

Post 64 Utbetring på fylkesveggar for tømmertransport

I 2024 er det løyvd 22,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 4,6 mill. kr. Dette er ubrukte midlar som ikkje er tildelt prosjekt. Det er ikkje fleire klare prosjekt i det opphavlege tilskotsprogrammet.

Post 72 Tilskot til riksvegferjedrifta

I 2024 er det løyvd 3 205,0 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 11,0 mill. kr.

Norske styresmakter har innført CO₂-avgift på flytande naturgass (LNG). Det er semje mellom staten og ferjearlaga Fjord1 AS og Torghatten AS om at reiarlaga har krav på justering av vederlaget i kontraktar om drift av riksvegferjesamband, men det er ein rettstvist mellom partane om storleiken på kompensasjonen.

For å kunne betale den delen av det auka vederlaget som partane er samde om i 2024, er det behov for å auke løyvinga med 11,0 mill. kr.

Borgarting lagmannsrett avsa dom i retts tvisten mellom staten og dei to ferjearlaga 26. september 2024. Staten anka saka til Høgsterett 28. oktober 2024. Viss ankeutvalet i Høgsterett ikkje tillèt at anken blir fremja, blir dommen rettskraftig i 2024, og staten må så raskt som mogleg betale ut erstatningsbeløpet. Prognosen for post 72 viser at utbetaling av eit ev. erstatningsbeløp i 2024 ikkje kan dekkjast av løyvinga på posten. Samferdselsdepartementet foreslår derfor ei fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 1320, post 72, med inntil 200,0 mill. kr i 2024 for å dekkje ev. utgifter til ein rettskraftig dom, jf. forslag til romartalsvedtak.

Korrigerings av Statens vegvesens mellomvære mot konto for forskyving i balansen

Statens vegvesen har avdekt to feil i føringar på historiske balansepostar på i alt -15 307 269,46 kr og som inngår i mellomværet med statskassa. Beløpa skriv seg frå depotkonto for straum frå den gong då Statens vegvesen handla kraft på kraftbørsen (-15 303 430,00 kr) og frå mellomvære som vegvesenet hadde med fylkeskommunane ved sams vegadministrasjon (-3 839,46 kr).

For depotkontoen for straum skriv feilføringa seg frå 2010 då ein korleksjon blei ført med feil forteikn. Beløpet blei ikkje nulla ut i mellomværet med statskassen då depotkontoen blei gjord opp i 2020. Konsekvensen er at statens

gjeld har vore oppført med for høg verdi i kapitalrekneskapen.

Feilen for mellomværet med fylkeskommunane er av nyare dato og oppstod før sams vegadministrasjon blei avvikla frå 2020. Trass i ein grundig gjennomgang har ikkje Statens vegvesen klart å finne ut kva for ein fylkeskommune dette gjeld.

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet at til saman -15 307 269,46 kr i Statens vegvesens mellomvære med statskassa (konto nr. 713160) blir korrigert i statsrekneskapen for 2024 mot konto for forskyving i balansen (konto nr. 980000), jf. forslag til romartalsvedtak.

*Orienteringssaker**Rv. 110 Ørebekk–Simo i Østfold – overskriding av kostnadsramme*

Prosjektet blei opna for trafikk i 2019. Etter opninga har det vore ein langvarig rettsleg tvist om sluttoppgjret mellom Statens vegvesen og ein entreprenør. Ved Stortingets behandling av Prop. 47 S (2020–2021) *Endringar i statsbudsjettet 2020 under Samferdselsdepartementet* og Innst. 174 S (2020–2021) blei kostnadsramma til prosjektet auka til 1 045 mill. 2020-kr slik at Statens vegvesen skulle ha nødvendig fullmakt til å inngå eit forlik med entreprenøren. Omrekna til 2024-kr er kostnadsramma 1 372 mill. kr. Forhandlingane om sluttoppgjret førte ikkje fram, og tvisten har derfor blitt behandla i rettsapparatet. Dommen i lagmannsretten i juni 2024 inneber at prognosen for sluttkostnad blir høgare enn gjeldande kostnadsramme. Prognosen for sluttkostnad er no 1 414 mill. kr, som er 42 mill. kr over kostnadsramma. Det er ikkje behov for å inngå nye forpliktingar i prosjektet. Samferdselsdepartementet foreslår derfor ikkje ny kostnadsramme for prosjektet. Meirutgiftene blir dekte innanfor Statens vegvesens budsjett for 2024.

E39 Eiganestunnelen i Rogaland – overskriding av kostnadsramme

Prosjektet blei opna for trafikk i 2020. Ved Stortingets behandling av Prop. 29 S (2021–2022) *Endringar i statsbudsjettet 2021 under Samferdselsdepartementet* og Innst. 81 S (2020–2021) blei kostnadsramma for prosjektet auka til 3 888 mill. 2021-kr. Omrekna til 2024-kr er kostnadsramma 4 965 mill. kr. I Prop. 118 S (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* blei det orientert om ein rettstvist om sluttoppgjret og ein rettskraftig dom i lagmannsretten. Staten anka dommen til Høgsterett, men anke-

utvalet avviste saka 29. mars 2023. Lagmannsretten si avgjerd blei dermed rettskraftig. Dommen inneber at prognosen for sluttkostnad no blir 5 303 mill. kr, som er 338 mill. kr over kostnadsramma. Det er ikkje behov for å inngå nye forpliktingar i prosjektet. Samferdselsdepartementet foreslår derfor ikkje ny kostnadsramme for prosjektet. Meirutgiftene blir dekte innanfor Statens vegvesens budsjett for 2024.

Kap. 1323 Vegtilsynet

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 20,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet. Samla handtering av lønnsoppgeret i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

5 Særskilde transporttiltak

Kap. 1332 Transport i byområde mv.

Post 66 Tilskot til byområde

I 2024 er det løyvd 3 907,9 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med til saman 9,6 mill. kr. Endringane gjeld ein reduksjon på 20,4 mill. kr for mindre riksvegtiltak for å styrke kollektivtransport, sykling og gange i Buskerudbyen og Ålesund, og ein auke med 30 mill. kr for eit særskilt tilskot til styrkt kollektivtilbod som følgje av den mellombelse stenginga av Ring 1 i Oslo sentrum.

Løyvinga på posten går til ulike tilskot til byområde. I 2024 har Buskerudbyen fått tildelt midlar frå *Belønningsordninga for betre kollektivtransport mv. i byområda*, og Ålesund har fått tildelt midlar frå *Tilskot til mindre byområde utanfor ordninga med byvekstavtalar*. Dei lokale styresmaktene i Buskerudbyen og Ålesund har i 2024 prioritert å bruke delar av tildelinga til å starte opp to mindre riksvegtiltak for å styrkje kollektivtransport, sykling og gange. Sidan tiltaka blir gjennomført av Statens vegvesen og gjeld riksveg, foreslår Samferdselsdepartementet at midlane blir overført frå post 66 til kap. 1320, post 30. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 20,4 mill. kr, mot ein tilsvarande auke på kap. 1320, post 30.

Delar av Ring 1 i Oslo sentrum blei 1. juli 2024 mellombels stengt i tre år for å byggje om og opp-

ruste Hammersborgtunnelen og Vaterlandstunnelen. Hovudformålet med denne ombygginga er å ivareta tryggleiken i nytt regjeringskvartal. Som følgje av stenginga må privatbiltrafikken inn til Oslo sentrum reduserast, og fleire må bruke kollektivtransport, sykle eller gå. Dei restriktive tiltaka som er innført, har i all hovudsak virka etter formålet. Trafikken i Operatunnelen er nær kapasitetsgrensa, men Statens vegvesen vurderer at det ikkje er behov for ytterlegare tiltak no. Innføringa av dei restriktive tiltaka har hatt negative konsekvensar, særleg for trafikken vest for Oslo. Det har derfor vore behov for å finne tiltak som kan betre trafikkflyten i vest, utan at trafikken aukar inn mot Oslo sentrum og i Operatunnelen.

I samband med Stortingets behandling av Dokument 8:160 S (2023–2024) om å gjenåpne veisystemet i og rundt Oslo og Innst. 34 S (2024–2025) gjorde Stortinget dette oppmodingsvedtaket 19. november 2024:

«Stortinget ber regjeringen snarest komme tilbake med forslag om å øke bevilgningen til Akershus fylkeskommune. Den økte bevilgningen skal gå til å styrke kollektivkapasiteten/ekspressbustilbudet i Vestkorridoren og i Akershus for øvrig som følge av midlertidig stengt Ring 1. Bevilgningen forutsetter at Akershus fylkeskommune selv bidrar med minst 50 pst. av bevilgningsøkningen som staten bidrar med.»

Samferdselsdepartementet foreslår på denne bakgrunn å gi eit tilskot til Akershus fylkeskommune på 30 mill. kr. Departementet foreslår at desse midlane blir tildelt over eit nytt tilskot, «Særskilt tilskot til styrkt kollektivtilbod som følgje av mellombels stenging av Ring 1». Vilkår for utbetaling av tilskotet er at Akershus fylkeskommune sjølv bidreg med minst 50 pst. av beløpet som staten gir i tilskot, og at det går til det same formålet. Departementet vil fastsetje nærmare krav for utbetaling og rapportering på bruken av midlane. Samferdselsdepartementet presiserer at dette ikkje inneber bindingar for kommande budsjettår.

6 Jernbaneformål

Kap. 1352 Jernbanedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 386,4 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 6,3 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

Samla handtering av lønnsoppgjeret i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar

I 2024 er det løyvd 144,2 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 35,0 mill. kr.

Fleire planar og utgreiingar har blitt sette i gang seinare enn planlagt. I tillegg har utgiftene for nokre prosjekt blitt lågare enn budsjettert.

Post 70 Kjøp av persontransport med tog

I 2024 er det løyvd 5 496,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 400,0 mill. kr, mot ein auke av løyvinga på kap. 1352, post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald.

Mindrebehovet kjem m.a. av lågare utgifter til straum og køyrevegsavgifter enn det som var lagt til grunn i Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet, jf. òg omtale under kap. 1352, post 71.

Erstatningslokomotiv på Nordlandsbanen

Eit persontog på veg frå Trondheim S til Bodø spora 24. oktober 2024 av nord for Bjerka i Hemnes kommune i Nordland. Lokføraren mista livet, medan fire passasjerar blei skadde. Det øydelagde lokomotivet vil truleg ikkje kunne setjast i drift igjen. For å betre køyretøykapasiteten på strekninga tek ein sikte på at togselskapet som drifrar tilbodet på Nordlandsbanen, SJ Norge, leiger inn to lokomotiv til erstatning. Desse kan bli sette i drift frå nyåret 2025. Det er venta at meirutgiftene kan dekkjast innanfor forslaget til løyving over kap. 1352, post 70, i 2025, jf. Prop. 1 S (2024–2025) for Samferdselsdepartementet.

Endra fullmakt til kjøp av persontransport med tog

For kjøp av persontransport med tog har Samferdselsdepartementet i 2024 ei fullmakt til å forplikte staten for framtidige budsjettår innanfor ei samla ramme på 31 700 mill. kr for gamle og nye forpliktingar og med ei ramme for årleg forfall på 5 300 mill. kr.

I fullmakta inngår avtalte forpliktingar for staten for trafikkpakkene 1–3, Østlandet 1 og 2 og trafikkavtalane på Ofofbanen og Oslo–Riksgrensa (–Stockholm). Ved behandlinga av Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2024* og Innst. 447 S (2023–

2024) vedtok Stortinget å auke rabattane for barn og studentar. For å inngå avtale med togoperatørane om dette foreslår Samferdselsdepartementet å auke samla ramme for kjøp av persontransport med tog med 2 600 mill. kr til 34 300 mill. kr, og å auke årleg ramme med 410 mill. kr til 5 710 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Endra fullmakt til restverdigaranti

Ved Stortingets behandling av Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2024* og Innst. 447 S (2023–2024) fekk Samferdselsdepartementet fullmakt til å gi ein restverdigaranti for togmateriell for bokførte verdiar på inntil 7 680 mill. kr og for oppgraderingar og nyinvesteringar innanfor ei ramme på 14 690 mill. kr. Restverdigarantien gjeld for det togmateriellet som inngår i statens kjøp av persontransporttenester med tog, og det er lagt til grunn 75 pst. restverdigaranti.

Samferdselsdepartementet foreslår å auke fullmakta for restverdigaranti for oppgraderingar og nyinvesteringar til 15 500 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak. Forslaget kjem av endringar i prisindeksar og valutakursar, ikkje auka omfang av togkjøp.

Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald

I 2024 er det løyvd 8 930,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 400,0 mill. kr, mot ein reduksjon på kap. 1352, post 70 Kjøp av persontransport med tog.

Av dette skal 230 mill. kr gå til å auke innsatsen til drift, vedlikehald og fornying, jf. orienteringssak under om Bane NOR SF (Bane NOR) si disponering av likviditetstilførsel mellom formåla under kap. 1352, postane 71 og 73.

Togselskapa betaler Bane NOR for tenester dei bruker under sportilgangsavtalane. Persontogselskapa blir kompenserte over løyvinga på kap. 1352, post 70, for auka avgifter, og statens vederlag til Bane NOR blir justert tilsvarende over post 71. I 2024 gjekk Bane NOR over til ein ny metode for å fastsetje køyrevegsavgiftene, og avgiftene for persontogselskapa blei samla redusert med om lag 170 mill. kr samanlikna med det som var lagt til grunn i Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet. Dette fører til at staten sitt vederlag til persontogselskapa blir om lag 170 mill. kr mindre i 2024 enn opphavleg lagt til grunn. For å kompensere Bane NOR for dette

foreslår departementet å omdisponere 170 mill. kr frå post 70 til post 71.

Post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar

I 2024 er det løyvd 17 366,1 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 688,0 mill. kr knytt til Bane NOR sine finansinntekter frå opparbeidd likviditet.

Orientering om Bane NORs disponering av likviditetstilførsel

I tråd med omtale i Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet kan løyvinga på kap. 1352, post 73 Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, også nyttast til fornying og vedlikehald av jernbanenettet når det blir vurdert å gi best resultat. I Prop. 104 S (2023–2024) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2024* orienterte regjeringa Stortinget om at Bane NOR ville nytte om lag 1 450 mill. kr av likviditetstilførselen til investeringar på post 73 til auka fornying, drift og vedlikehald på jernbanen. Føretaket legg opp til å nytte ytterlegare 1 700 mill. kr av likviditetstilførselen til dette i 2024. I tillegg kjem 230 mill. kr av den foreslåtte auken på 400 mill. kr under post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald.

Bane NOR ventar å nytte om lag 13,9 mrd. kr til investeringar i 2024 som er om lag 3,5 mrd. kr mindre enn lagt til grunn i saldert budsjett 2024. Dette kjem av lågare framdrift enn føresett i fleire prosjekt. Samstundes ventar føretaket å nytte om lag 12,3 mrd. kr til drift, vedlikehald og fornying, som er om lag 3,4 mrd. kr meir enn lagt til grunn i saldert budsjett 2024. Det vil kunne ha ein positiv effekt på driftsstabiliteten og tryggleiken, og redusere vedlikehaldsetterslepet.

Likviditetstilførsel til Bane NOR som av ulike grunnar ikkje er brukt, blir omtalt som netto produksjonsgjeld til staten. Netto produksjonsgjeld utgjer store delar av likviditetsbeholdninga til føretaket. I tillegg kjem andre finansinntekter. Ein oppdatert prognose tilseier at netto produksjonsgjeld til staten vil utgjere om lag 7,7 mrd. kr ved utgangen av 2024. Det er mindre enn overslaget som blei gitt i Prop. 1 S (2023–2024) for Samferdselsdepartementet.

Post 74 Tilskot til togmateriell mv.

I 2024 er det løyvd 10,6 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 10,6 mill. kr.

Tilskotet skal m.a. dekkje halvparten av ombyggingskostnadene for å installere ERTMS-utstyr om bord på toga eigd av Norske tog AS. På grunn av forseinkingar i ERTMS-prosjektet er ombygginga av tog utsett, og det er ikkje behov for tilskot i 2024.

Endra tilsegnfullmakt

I 2024 har Samferdselsdepartementet fullmakt til å gi tilsegn om tilskot til ERTMS-utstyr om bord i toga og sidespor utover gitte løyvingar, slik at samla ramme for nye tilsegn og gamalt ansvar ikkje overstig 700 mill. kr, knytt til kap. 1352, post 74 Tilskot til togmateriell mv.

På grunn av forseinkingar i ombygginga av tog til ERTMS har prognosen for udekte forpliktingar ved utgangen av 2024 auka og er no på 803,6 mill. kr. Departementet foreslår derfor å auke tilsegnfullmakta med 130 mill. kr til 830 mill. kr, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 77 Tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans»

I 2024 er det løyvd 150,0 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 33,8 mill. kr fordi budsjettbehovet er lågare enn det som låg til grunn for løyvinga.

Endeleg revisorkontroll av årsrekneskapane for 2024 kan avdekkje forhold som gjer at søkjarar har krav på meir støtte enn det som er utbetalt i 2024. For at slik støtte kan utbetalast i 2025 foreslår Samferdselsdepartementet å føye til stikkordet «*kan overførast*» på posten.

Kap. 1354 Statens jernbanetilsyn

Post 01 Driftsutgifter

I 2024 er det løyvd 109,7 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 2,0 mill. kr som følgje av lønnsreguleringa i 2024 for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet. Samla handtering av lønnsoppgjeret i staten blir omtalt i proposisjon frå Finansdepartementet om ny saldering av statsbudsjettet 2024.

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ved å innfri CargoNet AS' reguleringsforpliktingar i Statens pensjonskasse

Staten si grunngeving for eigarskapen i Vygruppen AS (Vy) er å ha ein leverandør som kan møte staten sine behov for transport av personar og gods på

jernbane. Vy driv godstogverksemd gjennom dotterselskapet CargoNet AS (CargoNet).

CargoNet lukka i 2019 si pensjonsordning i Statens pensjonskasse, slik at alle tilsette født etter 1963 blei overført til ei innskotsordning. CargoNet har reguleringsforpliktingar i Statens pensjonskasse for dei oppsette pensjonsrettane som oppstår ved utmelding. Reguleringsforpliktinga knyter seg til at dei oppsette pensjonsrettane skal oppregulerast i samsvar med den generelle lønnsutviklinga i samfunnet, auka levealder m.m. Selskapet betaler òg årlege reguleringskostnader for pensjonar under utbetaling. Som hovudregel skal reguleringskostnadene dekkjast løpande, men kan i særskilte tilfelle innbetalast som eit eingongsoppgjer.

Gods på jernbane er ein konkurranseutsett bransje, der lastebiltransport er den største konkurrenten. CargoNets forpliktingar i Statens pensjonskasse kostar selskapet meir enn ei ordinær innskotsordning, som CargoNets konkurrentar har.

Etter staten sine prinsipp for god eigarutøving skal statleg eigarskap ikkje urettmessig medføre andre konkurransevilkår, verken fordelar eller ulemper, enn for selskap utan statleg eigardel. For å fjerne konkurranseulempa som forpliktingane i Statens pensjonskasse medfører for CargoNet, foreslår Samferdselsdepartementet å gi eit statleg tilskot til CargoNet for å innfri selskapet sine reguleringsforpliktingar i Statens pensjonskasse for oppsette pensjonsrettar og for tidlegare tilsette som no er pensjonistar.

Statens pensjonskasse har rekna at eit eingongsoppgjer per 1. januar 2025 vil utgjere 461 mill. kr, inkl. arbeidsgivaravgift på 14,1 pst. Talet er eit overslag og kan endre seg ved oppdateringar av m.a. pensjonsgrunnlag og pensjonar, vilkår og tidspunkt. Det må i tillegg takast høgde for rentekostnader, estimert til 14 mill. kr. Rentekostnadene er knytte til at eingongsopp-

gjeret skal reknast per 1. januar, medan sjølve oppgjeret skjer på hausten same år.

Eit statleg tilskot til CargoNet vil høgst sannsynleg utgjere statsstøtte etter EØS-regelverket. Det må derfor notifiserast og godkjennast av EFTAs overvakingsorgan (ESA) før det kan betalast ut. Samferdselsdepartementet vil i samråd med Nærings- og fiskeridepartementet, setje i gang ein prosess med å notifisere støtta til ESA.

Samferdselsdepartementet foreslår, under føresetnad om at ESA godkjenner tilskotet, ei fullmakt til å pådra staten forpliktingar for inntil 475 mill. kr for å innfri CargoNets reguleringsforpliktingar i Statens pensjonskasse, jf. forslag til romartalsvedtak. Eit eingongsoppgjer vil tidlegast kunne ha verknad frå og med 2025 og få konsekvensar for løyvinga i 2025.

7 Posttenester

Kap. 1370 Posttenester

Post 70 Kjøp av posttenester

I 2024 er det løyvd 1 713,6 mill. kr på posten. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på posten med 43,1 mill. kr.

I 2023 blei det sett av 1 176 mill. kr til kjøp av posttenester frå Posten Bring AS (Posten). Det er lagt til grunn ein etterrekningsmodell som over tid vil sikre at det ikkje blir løyvd meir enn det faktiske behovet. Etterrekning i tråd med modellen viser eit faktisk behov i 2023 på 1 215 mill. kr til kjøp av posttenester som er 39 mill. kr meir enn det som blei sett av i 2023. Departementet legg opp til at Posten får etterbetalt kompensasjon for 2023 på 39,0 mill. kr. I tråd med praksis frå tidlegare år legg departementet opp til at staten betaler rente på dette beløpet. Rentebeløpet er rekna til 4,1 mill. kr. Dette inneber at staten skal betale i alt 43,1 mill. kr til Posten.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Samferdselsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Samferdselsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Samferdselsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 188 900 000 til kr 193 145 000	4 245 000
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 37 000 000 til kr 41 600 000	4 600 000
1310		Flytransport:	
	70	Kjøp av innanlandske flyruter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 036 000 000 til kr 2 006 700 000	29 300 000
1313		Luftfartstilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 305 500 000 til kr 311 156 000	5 656 000
1314		Statens havarikommisjon:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 102 000 000 til kr 103 748 000	1 748 000
1315		Tilskot til Avinor AS:	
	71	Tilskot til pålagde oppgåver, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 575 300 000 til kr 2 366 900 000	208 400 000
1320		Statens vegvesen:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 4 616 100 000 til kr 4 653 485 000	37 385 000
	28	Trafikant- og køyretøytilsyn, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 2 349 600 000 til kr 2 334 600 000	15 000 000
	30	Riksveginvesteringar, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 22 og post 29 og kap. 1332, post 66</i> , blir auka med frå kr 10 349 700 000 til kr 10 370 100 000	20 400 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	64	Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	4 600 000
		frå kr 22 400 000 til kr 17 800 000	
	72	Tilskot til riksvegferjedrifta, <i>kan overførast</i> , blir auka med	11 000 000
		frå kr 3 205 000 000 til kr 3 216 000 000	
1323		Vegtilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	328 000
		frå kr 20 400 000 til kr 20 728 000	
1332		Transport i byområde mv.:	
	66	Tilskot til byområde, <i>kan overførast</i> , blir auka med	9 600 000
		frå kr 3 907 900 000 til kr 3 917 500 000	
1352		Jernbanedirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	6 250 000
		frå kr 386 400 000 til kr 392 650 000	
	21	Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	35 000 000
		frå kr 144 200 000 til kr 109 200 000	
	70	Kjøp av persontransport med tog, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast</i> <i>under post 71</i> , blir redusert med	400 000 000
		frå kr 5 496 100 000 til kr 5 096 100 000	
	71	Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan nyttast</i> <i>under post 70</i> , blir auka med	400 000 000
		frå kr 8 930 100 000 til kr 9 330 100 000	
	73	Kjøp av infrastrukturtenester – investeringar, <i>kan nyttast under post 74</i> , blir redusert med	688 000 000
		frå kr 17 366 100 000 til kr 16 678 100 000	
	74	Tilskot til togmateriell mv., <i>kan overførast</i> , blir redusert med	10 600 000
		frå kr 10 600 000 til kr 0	
	77	Tilskot til godstogselskap etter ekstremvêret «Hans», <i>kan overførast</i> , blir redusert med	33 800 000
		frå kr 150 000 000 til kr 116 200 000	
1354		Statens jernbanetilsyn:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med	1 955 000
		frå kr 109 700 000 til kr 111 655 000	
1370		Posttenester:	
	70	Kjøp av posttenester, <i>kan overførast</i> , blir auka med	43 100 000
		frå kr 1 713 550 000 til kr 1 756 650 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4313		Luftfartstilsynet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	24 500 000
		frå kr 175 000 000 til kr 150 500 000	

II

Tilføyning av stikkord

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 kan føye til stikkordet «*kan overførast*» på kap. 1301 Forsking og utvikling mv., post 70 Pilotprosjekt for utsleppsfrie anleggsplassar.

III

Tilsegnfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 kan gi tilsegn om tilskot utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Formål	Samla ramme
1352		Jernbanedirektoratet	
	74	Tilskot til togmateriell mv.	830 mill. kroner

IV

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for kjøp av transporttenester

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 kan forplikte staten for framtidige budsjettår utover gitt løyving og gi tilsegn om tilskot inntil følgjande beløp

Kap.	Post	Formål	Samla ramme for gamle og nye forpliktingar	Ramme for forpliktingar som forfell kvart år
1352		Jernbanedirektoratet		
	70	Kjøp av persontransport med tog	34 300 mill. kroner	5 710 mill. kroner

V

Restverdisikring for eksisterande materiell, oppgraderingar av eksisterande materiell og investeringar i nytt materiell

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 for det togmateriellet som inngår i statens kjøp av persontransporttenester med tog på kap. 1352 Jernbanedirektoratet, post 70 Kjøp av persontransport med tog, kan:

- a. gi ein restverdigaranti for bokførte verdier på inntil 7 680 mill. kroner
- b. gi ytterlegare restverdigaranti til oppgraderingar og nyinvesteringar innanfor ei ramme på inntil 15 500 mill. kroner. Det blir lagt til grunn 75 pst. restverdigaranti.

VI

Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ved å innfri CargoNet AS' reguleringsforpliktingar i Statens pensjonskasse (eingongsoppgjer)

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 kan forplikte staten for framtidige budsjettår på kap. 1355 (nytt) CargoNet AS,

post 70 (ny) Tilskot til eingongsoppgjer, til å gi støtte for å innfri reguleringsforpliktingar som CargoNet AS har i Statens pensjonskasse for oppsette pensjonsrettar og for tidlegare tilsette som no er pensjonistar, innanfor ei ramme på 475 mill. kroner (prisnivå 2024).

VII

Fullmakt til å overskride gitte løyvingar

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 kan overskride løyvinga på kap. 1320 Statens vegvesen, post 72 Tilskot til riksvegferjedrifta, med inntil 200 mill. kroner for å dekkje utgifter ved ev. rettskraftig dom om vederlagsjustering i kontraktar.

VIII

Fullmakt til korreksjon i statsrekneskapen

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2024 kan debitere Statens vegvesens mellomvære med statskassa i statsrekneskapen og kreditere konto for forskyving i balansen med 15 307 269,46 kroner.